



Båtar på berg utmed havet –

Om to ristningslokalitetar på kysten av Sogn og Fjordane

Sentralt i Gro Mandt sitt arbeid med dei vestnorske bergkunstlokalitetane har vore utdjupeing av dei varierte landskapa bergkunsten i regionen er å finne i. Allereie i magisteravhandlinga hennar finn vi eit eige kapittel der plasseringa av lokalitetane i høve til faktorar som topografi, naturressursar og busetnad vert analysert (Mandt Larsen 1972:81 ff). Dette fokuset gjorde at ho var tidleg ute med å kunne peike på ein brest ved det som lenge var det rådande utgangspunktet for forståinga av bronsealdersristningane; nemleg det nære sambandet til jordbruk og fruktbarheitskult, etablert med Oscar Almgren sitt tonegjevande studie (Almgren 1927). Det var nemleg inga openberr kopling mellom dyrka mark og bergkunst, i alle fall ikkje i Hordaland (Mandt Larsen 1972:93). I doktoravhandlinga om lokalitetane i Sogn og Fjordane og på Sunnmøre vert lokaliseringfaktorane ytterlegare problematisert, særleg med fokus på tilhøvet til busetnadsområde (Mandt 1991).

Her skal eg sjå nærare på lokalitetane Domba og Krabbestig, som båd ligg lengst vest, ut mot storhavet, i Sogn og Fjordane fylke. Her har dei og stort sett fått ligge i fred for moderne inngrep i dei næraste omgjevnadane. Dette, i kombinasjon med relativt lita landheving her sidan bronsealder (Bergsvik 2002:299 ff), gjer at vi truleg har med nokon av dei mindre endra miljøa med bronsealdersristningar ein kan oppleve i dag. Lokaliseringane eggjar til problematisering kring kvifor det er ristningar nettopp her, og det nært tilhøyrande spørsmålet om kva meining dei har hatt. Eg vil i det følgjande syne at eit fruktbart utgangspunkt for å forstå felta kan ligge i å søkje å forstå samspelet mellom felta sine figurar og det landskapet og miljøet dei ligg i.

Krabbestig og Domba


Krabbestig er den nordlegaste av dei to og ligg vest på Husevågøy i Vågsøy kommune ytst i Nordfjord. Husevågøy er ei fjellkledd øy der mesteparten av busetnaden i dag ligg på aust- og nordsida i tilknytning til mindre oppdyrka områder. Bergknatten med ristningane ligg på eit smalt flatt parti mellom øya sitt fjellparti og havet (Fig. 1). Etter ei kalkering av Egil Bakka frå 1954 består feltet av minst 13 figurar, ein ringfigur, to linjefigurar, ein rammefigur og 24 skålgroper. I tillegg er her 19 ubestemmelege figurar. Dei fleste av dei båtene det er mogleg å avgjere type for er klassifisert som type A1 (Mandt 1991:575). Kring flata med figurar er det teke ut emne til klebersteinsgryter. Minst ein stad kan ein sjå at påbyrja gryter skjærer over ristningane. Så langt ein veit går bruken av klebergryter i alle fall attende til yngre

bronsealder (Johansen 2000:193), men uttaket av desse grytene kan og vere mykje yngre. Ved ein nydokumentasjon våren 2003 kom det fram fleire figurar, blant desse minst ein båt av ein annan type (Wrigglesworth 2003 og sjå Fig. 2 her). Nokre hundre meter nordvest for ristningslokaliteten er ei hole i fjellet, kalla Trolljeholet. Per Fett (1960:14) opplyser at Johs. Bøe skal ha påvist kulturlag her i 1924, men her var ikkje daterande funn. Forutan nok eit klebergryteuttak nordaust på øya er det ikkje kjent andre faste eller lause fornminne på Husevågøy (*ibid*).



Figur 1. Landskapet kring lokaliteten Krabbestig i Vågsøy kommune. Ristningsflata ligg om lag der pila syner. Til venstre på biletet er nordvestspissen av Bremangerlandet. Foto: T.E. Linge.


Helleristningslokaliteten Domba ligg lengst vest på øya Hovden i Flora kommune i Sunnfjord. Berget med ristningane ligg i eit berglendt flatt parti med skrinne vegetasjon mellom fjellet og havet, og den loddrette flata med ristningane vender rett mot det opne havet i vest. Her er i alt tre båtfigurar, to av type A1 og ein av type B1 (Mandt 1991:566; sjå Fig. 3 her). Det er kjent enkelte andre kulturminne i området kring lokaliteten, men lite er undersøkt. Ved synfaring etter at det var meldt frå om ristningslokaliteten i 1970, vart ein også merksam på eit par hustufter om lag 500 meter nord for lokaliteten og ei oppmuring i rullesteinsona like ved. Ein fekk og munnleg melding om ei stor hole noko lenger nord, men denne er ikkje undersøkt (Mandt Larsen 1970). Det er ikkje kjent lausfunn frå vestsida av Hovden (Fett 1957:3).



Figur 2. Kalkering av delar av Krabbestig ved Egil Bakka frå 1954 (utan skala). Den nyleg erkjente båten er synt på foto. Den ligg ved figur 51-53 øvst til høgre på kalkeringa.

Datering av dei to felta

Båtar av type A1 og B1 vert av Gro Mandt datert hovudsakleg til hennar fase 1, men går også inn i fase 2. Fase 1 svarar grovt sett til periode I av nordisk bronsealder, medan fase 2 samsvarar med periode II og III (Mandt 1991:328 ff). Mi eiga vurdering av Mjeltehaugen, der båttypen A1 opptrer i slutta kontekst i eit gravanlegg, er at ristningane der skal daterast innanfor periode II og III av bronsealderen (Linge 2004:72 ff). Einar Østmo har nyleg sett fram eit forslag om å datere Mjeltehaugen til seinneolitikum med grunnlag i parallellar til kontinentaleuropeisk klokkebegeerdekor (Østmo 2005:70). Det er problematisk å basere seg så sterkt på dekor når den er for lite tidsspesifikk til å gje noko godt kronologisk ankerfeste, samstundes som funnkonteksten i eit større gravmonument utan parallellar i norsk seinneolitikum vert ståande ukommentert. Det vert vidare peika på at mangelen på spiraldekor i Mjeltehaugen er påfallande (*ibid*), men spiraldekor er langt frå noko vanleg på dei ristningshellene vi elles kjenner frå nordisk bronsealder (Randsborg 1993; Goldhahn 1999; Marstrander & Sognnes 1999; Syvertsen 2003). Vi må heller ikkje gløyme at det manglar dekorerte hellefragment frå funnet. I det heile er den lineære dekoren på Mjeltehaughellene, sett isolert frå andre trekk ved gravminnet, særst lite eigna til tidfesting (Linge 2004:78 ff). Datering av Mjeltehaugen må ikkje verte forstått synonymt med ei datering av dei eldste førekomstane av denne båttypen. Det er interessant at båtane på Evenhus i Trøndelag, som er knytt til båtavgjeringar frå steinaldertradisjonen, synast å ha ein symbolsk referanse til sjøfugl til felles med enkelte A1-båtar på Røkke i Trøndelag og Domba (Sognnes 1996). Gjeldande strandlinjekurve for Evenhus tyder på at ristningane her har ei maksimumsdatering til siste del av seinneolitikum (Sognnes 2003). Dersom dette seier noko om innbyrdes kronologiske tilhøve mellom dei nemnte ristningslokalitetane, så skulle det helst tyde på at Domba er noko eldre enn Krabbestig og Mjeltehaugen.



Figur 3. Landskapet kring ristningane på Domba sett mot sør. Pila syner om lag kor ristningsflata med dei tre båtane ligg i terrenget. Foto: T.E. Linge.


På denne bakgrunnen får vi her rekne med at dei fleste båtristningane på Domba og Krabbestig er laga innanfor eldre bronsealder. På Krabbestig ser det i tillegg ut til å ha vore ristningsproduksjon seinare. Båtfiguren som kom fram ved siste undersøking av feltet er truleg ein yngre type (Fig. 2). Eg finn ingen gode parallellar til båten i materialet frå Vestlandet, men ei samanlikning med båtavbildingar på rakeknivar kan tyde på at båtfiguren er frå ein sein fase av bronsealderen (samanlikn med Kaul 1998:Fig. 88). Det er difor ikkje umogleg at dei seinare båtfigurane på Krabbestig heng saman med uttak av klebergryter på staden. Eit spanande scenario ville vere om dei eldre figurane også kunne knytast til utnyttinga av kleber som råstoff, og i så fall er det vel støypeformer ein bør tenkje på. Det er ikkje teikn til dette i den synlege delen av berget, men eit ope bekkefar syner at det også er brote kleber i berg som no er dekkja av myr og vegetasjon. Ei utgraving kring denne bergflata vil truleg kunne avdekke fleire aspekt ved dette heilt spesielle kulturminnet.

Busetnad og bergkunstlokalitetane

Kvifor har det vorte laga ristningar på nettopp desse plassane? Kva slags stadar har dette vore i eldre bronsealder? Fornminne i nærleiken av felta har alt vorte nemnt. Korleis vert biletet om ein ser litt større på det? Eit sentralt tema i Mandt sitt doktorgradsarbeid var relasjonen mellom ristningslokalitetane og busetnadsområda i ristningsperioden (Mandt 1991:473 ff). Ho fann lite samsvar mellom busetnadsspor og lokaliseringane til ristningsfelta i Sogn og Fjordane i

eldre bronsealder. Busetnadane ser først og fremst ut til å vere konsentrert om fjordstrøka medan ristningslokalitetane ligg ved kysten. Først i yngre bronsealder ser det ut til å ha vore laga ristningar i indre strøk av Nordfjord, representert ved lokaliteten Henne i Eid kommune (*ibid*:479 ff). På bakgrunn av dette mønsteret meiner Mandt at ristningsfelta i ytre strøk kan oppfattast som samlingsstadar som integrerte fleire spreidde ”bygder” på territorialt nivå gjennom ritual og andre former for samhandling som fann stad ved felta. Ho knytte også felta si lokalisering opp mot kystleia og med kommunikasjon og utveksling av råstoff, kunnskapar og idear langs denne (*ibid*:484 ff). Vel å merke gjekk ho ikkje inn på kvar einskild lokalitet i sin analyse, og difor er eg berre delvis einig i ristningslokalitetane si tilknytning til leia. Denne modellen passar bra for lokalitetane på Atløy og Staveneset i Askvoll kommune, men eit kart over Vestlandet avslører at Domba og Krabbestig ligg annleis til (Fig. 4). Føreset ein at leia også i bronsealderen gjekk på innsida av øyane der det meste av kysttrafikken framleis går i dag (Kvalø 2000; Ling 2004:136), vil ikkje den ordinære nord-sør ferdsla langs kysten gått forbi desse felta. I staden er deira eksponering mot det opne havet meir framtrudande. Dermed anar vi også at kjennskapen til desse stadane kan ha vore avgrensa til forholdsvis få personar.

Regionen kan og forståast som ein integrert del av eit sosialt system på nordisk nivå som sørge for tilgong til mellom anna bronse i tillegg til flyt av varer og idear mellom folk i eit område som dekkja det meste av det sørlege og midtre Skandinavia (t.d. Bakka 1993; Kristiansen 1987; Prescott 1991). Reproduksjonen av den sosiale strukturen på lokalt nivå har dermed dels vore avhengig av tilknytning til desse nettverka. Følgjeleg har ein også trengt aktørar som aktivt deltok i og oppretthaldt desse nettverka (jf. Barrett 1998; Vandkilde 1998). Eit sær konkret døme på langvegs kontaktar i eldre bronsealder er vognfiguren på Unneset i Askvoll, unik utanfor Sør-Skandinavia (Wrigglesworth 2005).



Figur 4. Kart over Sogn og Fjordane og Sunnmøre med ristningslokaliteter nemnte i teksten. Dei tre prikkane i Askvoll markerer ristningar på gardane Leirvåg, Unneset og Mjåset.

Bergkunst og ritual

Ved å dramatisere, konstruere og rekonstruere grunnleggande meiningar om kulturelle fakta og verdiar er ritual ein viktig arena for sosial reproduksjon. Slik verkar ritual til reproduksjonen av grunnleggande strukturar i samfunnet (Ortner 1978:2 ff; Damm 1998:50; Vandkilde 1998:8). Ritual kan vere ekskluderande og virke legitimerande for sosiale forskjellar mellom dei som ritualaet vedkjem og dei det ikkje vedkjem (Bourdieu 1996). Men kva er relasjonen mellom bergkunst og ritual?

Det ser stort sett ut til å vere semje om at bergkunst er knytt til ritual på eine eller andre måten, men det er minst to måtar å sjå denne tilknytninga på. Flemming Kaul kan stå som representant for den eine når han hevdar at bergkunst i hovudsak er *avbildingar* av ritual. Avbildingar på rakeknivar og andre bronsegenstandar ser han derimot som eit direkte uttrykk for kosmologien i bronsealderen (Kaul 1998:265 ff). Dette synet går tilbake til Almgren (1927). Synet ligg også som premiss bak Mats Malmer (1981) sin sterkt senter-periferi-inspirerte modell over den nordiske bronsealderen der bergkunsten i "perifere" område blei forklarte med tilvising til faktiske ritual som fann stad i "sentra". Ei anna retning har derimot lagt vekt på bergkunsten sine avbildingar som førebilete og symbolsk bakgrunn for rituelle handlingar. Ein sentral eksponent for dette synet er Åke Hultzkrantz (1989). Her ser ein altså føre seg at konkrete rituelle handlingar har blitt utført ved bergkunstfelt, og at bergkunsten har spela ei rolle i desse handlingane. I enkelte av dei tilfella der det har vore gjort utgravingar ved bergkunstfelt har det kome fram spor som tydeleg viser at ulike former for aktivitetar har gått føre seg ved bildeflatane (Johansen 1979; Bengtsson 2002; Lødøen 2005). Det er ikkje utenkjeleg at desse spora knyt seg opp mot ritual der avbildingane i berget har stått sentralt.

Ein bør unngå at desse to synsmåtane vert eit spørsmål om anten-eller for heile det nordiske bergkunstmaterialet, og heller vere opne for at det kan ha vore variasjonar i måten bergkunst vart nytta i ulike delar av Norden. Kaul (1998) legg i hovudsak dei figurrike felta i Bohuslän til grunn i sin diskusjon. Mange felt i andre område av Norden er i mindre grad prega av eit slikt figurmangfald og sceniske figurkomposisjonar. I Vest-Noreg er det ikkje uvanleg å finne felt der til dømes båtfignur er rissa igjen og igjen med få eller ingen andre figurtypar på feltet. Det er til dømes vanskeleg å sjå for seg dei tre båtane på Domba som ei direkte biletleg attgjeving av eit ritual. Då er det lettare å tenkje seg figurane nærare knytt opp til det som vart kommunisert i ritualaet. Dette gjer også potensielt sjølve utføringa av figurane til ein del av ritualaet. Trass i noko større figurmangfald meiner eg eit liknande syn også er mest relevant for Krabbestig. Eit sentralt spørsmål vert difor korleis ein skal forstå båten som det dominerande symbolet på desse ristningsflatane.

Det er ikkje berre sjølve figurane som kan utgjere kommuniserande element i ritual. Hein Bjerck argumenterar overbevisande om bergmalingane i holene langs kysten av Nordland fylke og viser korleis desse kan ha vore nytta i overgangsritual. Både sjølve hola og figurane si plassering i overgangen mellom mørke og lyse parti vert trekt inn i forståinga (Bjerck 1995:144 ff). Bjerck skildrar også den subjektive kroppslege erfaringa med å vere i hola og trekk vekslar på sanseerfaringar som lyd, lys og lukt og korleis desse kan ha vore nytta i konstruksjonen av rituala (*ibid*:125; sjå og Damm 1998:60 ff). Ei metodisk tilnærming som også dreg vekslar på andre sanseintrykk enn det visuelt observerlege, er formulert av Joakim Goldhahn i ein diskusjon kring opplevinga av lydane til fossane og lydane sin interaksjon med figurane for forståinga av dei nordsvenske kystbundne lokalitetane (Goldhahn 2002). Utstyrt med

apparat for å måle desibelnivå ved figurane og i landskapet omkring viser Goldhahn korleis ristningsflatene ligg i områder der lydnivået frå fossen overdøyver alle andre lydinntrykk, inkludert kommunikasjon mellom menneske (*ibid*:70 ff). På bakgrunn av dette meiner han at rammene for korleis figurane har kommunisert ikkje berre ligg i det reint visuelle, men at også lydinntrykka har spela ei rolle i korleis figurane har blitt oppfatta (*ibid*:72 ff).

Forståinga av båtfigurar frå nordisk bronsealder generelt, og på ristningar spesielt, har i aukande grad vorte problematisert dei seinare åra. Fleire perspektiv trekk båten si rolle i det praktiske maritime livet i bronsealderen inn i forståingane (t.d. Larsson 1994; Østmo 1998; Kvalø 2000; Ling 2004; Linge 2004; Myhre 2004). I desse perspektiva vert gjerne båten si rolle i nordisk bronsealder vektlagt, og den tydinga den må ha hatt for å frakte menneske og varer mellom dei ulike lokalsamfunna. Eit aspekt av reproduksjon er også tilstades her då båten si rolle i reproduksjonen av sosiale relasjonar både på lokale nivå og mellom lokalsamfunn på denne måten kan ha vorte framheva. Samstundes understrekar maktaspektet gjennom deltaking i og kontroll av desse langferdene. Både Thomas B. Larsson og Flemming Kaul ser for seg at denne tydinga har vore viktigast i den eldste fasen av bronsealderen, og at båten seinare har vorte projisert på eit rituelt og kosmologisk nivå (Larsson 1994; Kaul 1998:110 f).

Gjev så det romlege mønsteret mellom desse ristningslokalitetane og busetnadsområda i perioden noko hint i retning av kva for tyding lokalitetane har hatt i eldre bronsealder? Eg vil argumentere for at det er visse trekk ved lokaliseringa til desse lokalitetane som kan gjere det relevant å sjå dei i lys av overgangsritual. Slike ritual er handsama og teoretisert gjennom arbeida til Arnold van Gennep og Victor Turner, og vert her sett som ein prosess i tre fasar: separasjon, mellomfase (liminalfase) og inkorporasjon (van Gennep 1999[1909]; Turner 1967). Den første og siste fasen representerer ritual som har med høvesvis det å forlate tidlegare status og det å trø inn i ein ny. Liminalfasen er likevel ofte den mest kritiske og avgjerande fasen (Turner 1967). Fasen kjenneteiknast mellom anna ved at dei involverte er i ein tilstand av verken eller og samstundes både og i høve til tidlegare og komande status. Dette kan gje seg uttrykk som mellom anna oppheving av sosiale ulikskapar mellom dei involverte i ritualet, ulike former for audmjukingar og fysisk separasjon frå resten av samfunnet (sjå døme hjå van Gennep 1999:58 ff; Turner 1967). Denne fysiske separasjonen har da gjerne romlege kvalitetar som til dømes når initiering av gutar til vaksenstatus hjå Omaha-indianarane mellom anna inneber ei einsam vandring i øydemarka der ein fastar og ber. Eller initieringa kan vere av ein meir kollektiv karakter som når grupper av gutar vert separert frå resten av samfunnet og plassert i hytter utanfor landsbyen med restriksjonar på kven som har tilgong dit (Turner 1967:100 f, 209). Både Domba og Krabbestig ligg i område som neppe har vore del av den kvardagslege sfæren til alle medlemmer av eit hushald på Vestlandet i eldre bronsealder. Stadane si lokalisering i høve til leia gjer at dei neppe har hatt relevans for folk på gjennomfart langs kysten. Derimot er det meir truleg at personar som dreiv fangst og fiske i desse farvatna hadde kjennskap til stadane. Det fell naturleg at desse personane hadde tilknytning til ein maritim institusjon, dei har vore mannskap på ein båt og kanskje samarbeidd om utrusting eller liknande. Det ligg også i korta at det å vere mannskap på båt har gjeve ein ei rolle i utveksling av varer og idear ut over det reint lokale.

Dermed skal kanskje symbola på felta, og i fremste rekkje fokuset på båten, verte forstått på bakgrunn av kommunikasjon innanfor overgangsritual. Turner (1967:102 ff) peikar på at dei *sacra* som er sentrale kommunikative element ved overgangsritual søker å kommunisere

sentrale faktorar ved kulturen, og då særleg kva som vert forventa av initiandane sin nye status, og oppmuntre til refleksjon over det. Båten kan ha spela ei sentral rolle i kosmologiske og mytologiske forteljingar som har vorte kommunisert i ein slik kontekst. Men kanskje skal fokuset på båten også sjåast i samheng med rolleforventingar knytt til initiandane sin nye status? Forventningar knytt til handlingar i det maritime miljøet kan ha vore sentrale kulturelle element kommunisert gjennom desse figurane. Lokaliseringa av felta kan også ha vore med på å forsterke dette biletet. Plasseringa ut mot ope hav skapar ei særleg ramme kring felta, og delar av meininga knytt til båtsymbolikken kan ha vorte skapt i interaksjon mellom figurane og desse omgjevnadene. Under særlege vertilhøve vil det å opphalde seg ved desse felta kjennast ekstra dramatisk gjennom lydane frå havet og sjødrev som slår innover land (jf. Bjerck 1995; Goldhahn 2002). Dette kan ha virka til å understreke det særeigne i den rituelle situasjonen, men også til å dramatisere viktige essensar i og forventningar til den nye statusen.

Ei slik vinkling knyter felta til reproduksjonen av aktørar tilhøyrande ein maritim institusjon. Eksistensen av ein slik institusjon vil ha vore essensiell for å oppretthalde dei nettverka som mellom anna sytte for tilførselen av bronse til desse områda i bronsealderen. Den maritime institusjonen burde dermed ha vore nært knytt til reproduksjonen av den sosiale struktur og legitimering av makt gjennom konsum og gåvutveksling i form av bronse (Larsson 1994; Kvalø 2000), men ein bør heller ikkje heilt sjå vekk frå fiske og maritim fangst i eit slikt perspektiv. Deltaking i maritim ferdsl må difor truleg reknast som ei potensiell kjelde til autoritet både gjennom økonomisk og redistributiv makt, men også i form av religiøs og rituell kunnskap knytt til det å reise over store geografiske distansar (Helms 1988; Kvalø 2000; Linge 2004:123). Den rituelle aktiviteten ved felta kan difor vere eit ledd i ein større rituell prosess der den verkelege manndomsprøva var gjennomføringa av den første reisa eller første fangstbragda.

Mjeltehaugen – saman inn i døden?

Flyttar vi oss frå Domba og Krabbestig noko lenger nord på Vestlandet, forbi Stad, kjem vi til kysten av Sunnmøre. Her finn vi eit av dei mest spektakulære gravmonumenta frå eldre bronsealder i Noreg. I Mjeltehaugen på øya Giske rett vest av Ålesund vart det i 1847, 1867 og 1878 avdekka fleire heller med ristningar. Hellene har vore knytt til eit gravanlegg inni ein stor gravhaug, men det har vore usemje om korleis dette gravanlegget har vore konstruert (Christie 1847; Lorange 1879; Marstrander 1963; Mandt 1983, 2005; Linge 2004, 2005). I all hovudsak går usemja på om hellene har vore knytt til ei einskild stor gravkiste eller til fleire, truleg åtte, mindre kister. Sjølv om vi neppe nokon gong vil kunne konkludere endeleg på dette spørsmålet, har eg ved tidlegare høve vist at det mest truleg har vore fleire kister her. Dette er i samsvar med skildringane som dei første som såg anlegget i nyare tid gav. Dessutan har dei bevarte fragmenta synt seg å stå seg best i høve til denne teorien (Linge 2004, 2005). Ei gravlegging av åtte individ saman på denne måten må seiast å vere uvanleg. Men kanskje finn vi ei forklaring dersom vi ser det som uttrykk for ein liknande mentalitet som ovanfor er tolka uttrykt på Domba og Krabbestig. Maritime symbol er også sterkt til stades i Mjeltehaugen gjennom båtfigurane og bølgeornamentikken blant den lineære dekoren. Gravlegginga kan sjåast som det siste i rekkja av overgangsritual gjennom mennesket sin livssyklus, og statusar oppnådd tidlegare i livet kan verte uttrykt i gravritualet (Oestigaard 2000). Når så mange individ er gravlagt saman er det ikkje utenkjeleg at dette reflekterer band mellom dei gravlagde, til dømes gjennom felles statusinitiering tidlegare i livet. På bakgrunn av dette finn

eg det ikkje utenkjeleg at dei gravlagde i Mjeltehaugen var medlemmer av ei gruppe knytt til ein maritim institusjon. Dermed kan den typen ritual som har føregått på Domba og Krabbestig synast att i eit monument som Mjeltehaugen, om enn ikkje så direkte at det er naudsynt å tenkje seg direkte koplingar mellom dei nemnde stadane.

Konklusjon

Gjennom fokus på ristningsplassane si lokalisering i landskapet og deira relasjonar til andre samtidige arkeologiske spor er det her presentert eit forslag til korleis to ristningslokalitetar kan ha vore nytta i eldre bronsealder. Konkret ser Domba og Krabbestig ut til å ligge vekk frå samtidige busetnadsområde. Leia, hovudferdsleåra langs kysten har heller ikkje gått forbi nokon av lokalitetane. Dette kan tyde på avgrensa tilgong og kjennskap til desse stadane, noko som vidare kan forståast dersom ein tenkjer seg stadane nytta i overgangsritual. I lys av dette er det interessant at båten er det symbolet som i fremste rekkje vert spela ut i desse maritime omgjevnadane. Dette skulle tyde på at båten og aktivitetar knytt til båten stod sentralt i dei kulturelle verdiane som vart kommunisert i desse rituala. Sentralt har nok stått båten og båtmannskapet si rolle i reising over lange distansar, kanskje heilt ned til Sør-Skandinavia og kontinentet. Gjennomføringa av slike reiser vil ha vore viktig for å sikre deltaking i den utvekslinga av varer og idéar som føregjekk mellom ulike regionar i Norden i eldre bronsealder. Ein bør vel heller ikkje underslå at båten også må ha spela ei rolle i fangst og fiske. Ristningslokalitetane si rolle har da først og fremst vore å forme og skape dei aktørane som stod sentralt i reproduksjonen av bronsealderen sitt sterke kulturelle fokus kring den maritime sfæren.

Summary

The article focuses on two Early Bronze Age rock-art sites on the coast of the Sogn and Fjordane district in Western Norway. Gro Mandt's study on the relation between rock-art sites and inhabited areas is elaborated upon with a stronger bias towards the sites' location in the landscape. It is suggested that their location on the outer islands, exposed to the open sea, could be meaningful in interpreting the activities that once took place at these sites. The relation between the dominating motif, the boat, and the sea should also be seen as meaningful. In these particular environments, cultural values connected to the maritime could be dramatized and communicated, perhaps in the context of initiation rituals.

Litteratur

- Almgren, O. 1927. *Hällristningar och kultbruk. Bidrag till belysning av de nordiska bronsåldersristningarnas innebörd*. Kungliga vitterhets historie och antikvitets akademien handlingar 35, Stockholm.
- Bakka, E. 1993†. Kulturtilhøve og regionale skilnader i vestnorsk bronsealder. I: *Minneskrift til Egil Bakka, Arkeologiske skrifter fra Historisk museum, UiB*, nr. 7, Historisk Museum, Universitetet i Bergen, Bergen: 90-117.
- Barrett, J. C. 1998. The politics of Scale and Experience of Distance: The Bronze Age World System. I: Larsson, L. & Stjernquist, B. (red.) *The world-View of Prehistoric Man*. Kungliga Vitterhets Historie och Antikvitets Akademien Konferanser 40, Stockholm: 13-25.
- Bengtsson, L. 2002. Att gräva ut bilder. I: Goldhahn, J. (red.) *Bilder av bronsålder*. Acta archaeologica Lundensia series in 8, no. 37, Almqvist & Wiksell international, Stockholm: 261-282.
- Bergsvik, K.A. 2002. *Arkeologiske undersøkelser ved Skatestraumen*. Arkeologiske avhandlinger og rapporter fra Universitetet i Bergen, nr. 7. Bergen Museum, Universitetet i Bergen, Bergen.

- Bjerck, H. B. 1995. Malte menneskebilder i 'Helvete'. Betragtninger om en nyoppdaget hulemaling på Trenyken, Røst, Nordland. *Universitetets Oldsaksamling, Årbok 1993-1994*: 121-151.
- Bourdieu, P. 1996. Ritualer som innstiftende handlinger. I: Bourdieu, P. *Symbolisk makt – artikler i utvalg*. Pax forlag, Oslo: 27-37.
- Christie, W. F. K. 1847. Indberetning til Directionen for det Bergenske Museum. Universitetet i Bergens manuskriptsamling nr. 193.
- Damm, C. B. 1998. Forhistoriske ritualer: En diskusjon omkring mening og handling. I: Christensen, L.B. & Sveen, S.B. (red.) *Religion og Materiell kultur*. Aarhus Universitetsforlag, Aarhus: 44-65.
- Fett, P. 1957. *Førhistoriske minne i Fjordane – Kinn prestegjeld*. Historisk Museum, Universitetet i Bergen, Bergen.
- Fett, P. 1960. *Førhistoriske minne i Fjordane – Davik prestegjeld*. Historisk Museum, Universitetet i Bergen, Bergen.
- van Gennep, A. 1999[1909]. *Rites de Passage. Overgangsriter*. Pax Forlag, Oslo (norsk omsetjing ved Erik Ringen).
- Goldhahn, J. 1999. *Sagaholm. Hällristningar och gravritual*. Studia Archaeologica Universitatis Umensis 11 / Jönköpings Läns Museums Arkeologiska Rapportserie 41, Umeå & Jönköping.
- Goldhahn, J. 2002. Hällarnas dån – ett audiovisuellt perspektiv på kustbunden hällkonst i norra Sverige. I: Goldhahn, J. (red.) *Bilder av bronsålder*: 52-90. Acta archaeologica Lundensia series in 8, no. 37, Almquist & Wiksell international, Stockholm.
- Helms, M. 1988. *Ulysses' Sail. An Ethnographic Odyssey of Power, Knowledge, and Geographical Distance*. Princeton University Press, Princeton.
- Hultzkrantz, Å. 1989. Hällristningsreligion. I: Bertilsson, U., Janson, S. & Lundberg, E.B. (red.) *Hällristningar och hällmålningar i Sverige*: 43-58. Forum, Hälsingborg.
- Johansen, Ø. K. 1979. New Results in the Investigation of the Bronze Age Rock Carvings. *Norwegian Archaeological Review* 12(2): 108-114.
- Johansen, Ø. K. 2000. *Bronse og makt*. Andresen & Butenschøn, Oslo.
- Kaul, F. 1998. *Ships on bronzes. A study in Bronze Age Religion and Iconography*. Publications from the National Museum, Studies in Archaeology and History, vol 3:1 & 3:2, København.
- Kristiansen, K. 1987. Centre and periphery in Bronze Age Scandinavia. I: Kristiansen, K., Larsen, M. & Rowlands, M. (red.) *Centre and periphery in the ancient world*: 74-85. Cambridge University press, Cambridge.
- Kvalø, F. 2000. *Oversjøiske reiser fra Sørvest-Norge til Nordvest-Jylland i eldre bronsealder. En drøfting om maritimt realisering og rituell mobilisering*. Hovedfagsoppgave i arkeologi, Universitetet i Oslo.
- Larsson, T.B. 1994. Skeppet under bronsåldern - funderingar kring relasjonen mellom praktik og symbolik. I: *Odlingslandskap och fångstmark - En vänbok till Klas-Göran Selinge*. Riksantikvarieämbetet. Stockholm: 221-227.
- Ling, J. 2004. Beyond Transgressive Lands and Forgotten Seas. Towards a Maritime Understanding of Rock-Art in Bohuslän. *Current Swedish Archaeology* 12: 121-140.
- Linge, T.E. 2004. *Mjeltehaugen. Fragment frå gravritual*. Upublisert hovedfagsoppgave i arkeologi, Universitetet i Bergen.
- Linge, T.E. 2005. Kammeranlegget i Mjeltehaugen – eit rekonstruksjonsforslag. I: Goldhahn, J. (red.) *Mellan sten och järn – Rapport från det 9e nordiska Bronsålderssymposiet, Göteborg 2003 – 10-9/12*. Gotarc serie C: Arkeologiska skrifter nr. 59: 537-559.
- Lorange, A. 1879. *Fortegnelse over de i 1878 til Bergens Museum indkomne oldsager ældre end reformationen samt inberetning om arkeologiske undersøgelser i 1878*. Foreningen for norske fortidsminners bevaring. Kristiania.
- Lødøen, T.K. 2005. Berge i Strandebarm. I: Mandt, G. & Lødøen, T.K. *Bergkunst – Helleristninger i Noreg*: 194-204. Det Norske Samlaget, Oslo.
- Mandt Larsen, G. 1970. *Befaring av steinsamling og bergbilder. 14.10.1970*. Upublisert innberetning. Dokument nr. 17401, topografisk arkiv, Bergen Museum.
- Mandt Larsen, G. 1972. *Bergbilder i Hordaland. En undersøkelse av bildenes sammensetning, deres naturmiljø og kulturmiljø*. Årbok for Universitetet i Bergen, Humanistisk serie 1970, nr. 2. Norwegian Universities Press, Bergen & Oslo.
- Mandt, G. 1983. Tradition and diffusion in West-Norwegian rock art. Mjeltehaugen revisited. *Norwegian Archaeological Review* 16(1): 14-32.

- Mandt, G. 1991. *Vestnorske ristninger i tid og rom. Kronologiske, korologiske og kontekstuelle studier*. Upublisert doktorgradsavhandling i arkeologi, Universitetet i Bergen.
- Mandt, G. 2005. Mjeltehaugen på Giske. I: Mandt, G. & Lødøen, T.K. *Bergkunst – Helleristninger i Noreg*. Det Norske Samlaget, Oslo.
- Malmer, M. 1981. *A Chorological Study of North European Rock Art*. Kungliga Vitterhets Historie och Antikvitets Akademiens handlingar, antikvariska serien 32. Almqvist & Wicksell, Stockholm.
- Marstrander, S. 1963. *Østfolds jordbruksristninger. Skjeberg*. Institutt for sammenlignende kulturforskning. Universitetsforlaget. Oslo.
- Marstrander, S.† & Sognnes, K. 1999. *Trøndelags jordbruksristninger*. Vitark 1, Acta Archaeologica Nidrosiensia, Vitenskapsmuseet, NTNU, Trondheim.
- Myhre, L.N. 2004. *Trialectic Archaeology. Monuments and space in Southwest Norway 1700-500 BC*. AmS-Skrifter 18, Arkeologisk museum i Stavanger, Stavanger.
- Oestigaard, T. 2000. *The Deceased's Life Cycle Rituals in Nepal. Present Cremation Burials for the Interpretation of the Past*. BAR, Oxford.
- Ortner, S.B. 1978. *Sherpas through their rituals*. Cambridge studies in Cultural Systems, Cambridge University Press, Cambridge.
- Prescott, C. 1991. Late Neolithic and Bronze Age developments on the periphery of Southern Scandinavia. *Norwegian Archaeological Review* 24(1): 35-48
- Randsborg, K. 1993. Kivik. Archaeology and Iconography. *Acta Archaeologica* 64(1). Munksgaard, København.
- Sognnes, K. 1996. Dyresymbolikk i midtnorsk yngre steinalder. *Viking* 59: 25-44.
- Sognnes, K. 2003. On shoreline dating of rock art. *Acta Archaeologica* 74: 188-209. Blackwell/ Munksgaard, København.
- Syvertsen, K.J. 2003. *Ristninger i graver. Graver med ristninger. Om ristningers mening i gravminner og gravritualer. En analyse av materiale fra Rogaland*. Upublisert hovedfagsoppgave i arkeologi, Universitetet i Bergen.
- Turner, V. 1967. *The Forest of Symbols. Aspects of Ndembu Ritual*. Cornell University Press, Ithaca & London.
- Vandkilde, H. 1998. Den senneolitiske offernedlæggelse i den jyske Gallelose: tid-rum dimensioner og fremmede forbindelser. I: Løken, T. (red.) *Bronsealder i Norden - regioner og interaksjon. Foredrag ved det 7. nordiske bronsealdersymposium i Rogaland, 31. august–3. september 1995: 7-22*, AmS-Varia 33, Arkeologisk museum i Stavanger.
- Wrigglesworth, M. 2003. *Rapport fra sikring av bergkunst 2003, Krabbestig, Vågsøy kommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune*. Upublisert rapport til topografisk arkiv, Bergen Museum, Universitetet i Bergen.
- Wrigglesworth, M. 2005. Vognmotivet i en vestnorsk bronsealderkontekst. I: Goldhahn, J. (red.) *Mellan sten och järn – Rapport från det 9e nordiska Bronsålderssymposiet, Göteborg 2003 – 10-9/12: 561-570*. Gotarc serie C: Arkeologiska skrifter nr. 59.
- Østmo, E. 1998. Hester, båter og menn. En statusrapport fra bronsealderen. *Viking* 61: 71-97. Norsk Arkeologisk Selskap, Oslo.
- Østmo, E. 2005. Over Skagerak i steinalderen. Noen refleksjoner om oppfinnelsen av havgående fartøyer i Norden. *Viking* 68: 55-82.

